

Eksamenssett til Inspera: 3 sider – side 1 = formell informasjon, side 2 og 3 = oppgåver

2NO35-3 og 2NOL51-31 Språk og samfunn (årsstudium i norsk og lektor m/norsk) – 15 stp

Type: *Individuell heimeeksamen/innlevering (opplasting av fil) i Inspera*

Tid: *Måndag 10. mai kl. 09.00-15.00 (6 timar)*

Målform: Nynorsk (med mindre ein har fritak)

Formelle sider ved innleveringa

Gjer deg kjend med rutinane og retningslinjene for innleveringa:

<https://www.inn.no/student/eksamen/>

<https://www.inn.no/student/eksamen/hjemmeeksamen-innlevering>

Ved heimeeksamen er det ekstra viktig at ein er nøye med referansar og kjelder!

<https://www.inn.no/bibliotek/skrive-og-referere>

Alle oppgåvesvara blir automatisk sjekka av plagiatkontrollsystemet Urkund, som sender melding til sensor om kor mange prosent i teksten som er identisk med andre tekstar.

Dersom du er usikker på reglane for plagiat, les her:

<https://www.inn.no/bibliotek/skrive-og-referere/unngaa-fusk>

Les også:

Forskrift om opptak, studier og eksamen ved Høgskolen i Innlandet

[https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2017-01-26-](https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2017-01-26-98?q=h%C3%B8gskolen%20i%20innlandet)

[98?q=h%C3%B8gskolen%20i%20innlandet](https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2017-01-26-98?q=h%C3%B8gskolen%20i%20innlandet)

spesielt §8 om fusk.

Denne eksamenen er eit individuellt heimearbeid. §8.1 definerer bl.a. «å ha deltatt i regelstridig samarbeid mellom eksamenskandidater eller grupper.» som fusk. Det står også eksplisitt: «Kandidater som forsettlig medvirker til fusk hos andre, ansees også for å ha fusket, uavhengig av eksamensform.», og: «Dersom det ved sensurering av individuell eksamen viser seg at to eller flere besvarelser klart bygger på samme originalarbeid, eller har samme opphavsmann, eller i stor grad har felles disposisjon eller materielt innhold, regnes det som fusk hos alle de involverte.»

> Oppgåver på side 2 og 3

OPPGÅVER

Svar på éi av dei tre oppgåvene nedanfor, dvs. oppgåve 1 eller oppgåve 2 eller oppgåve 3. Kvar oppgåve består av to kortsvarsoppgåver (a, b) og éi langsvarsoppgåve (c). Både kortsvarsoppgåvene og langsvarsoppgåva innanfor kvar oppgåve skal svarast på. Vektinga av deloppgåvene er 25 % per kortsvarsoppgåve og 50 % for langsvarsoppgåva. Bruk fagterminologi og korrekt språk, og grunngjev konkret og tydeleg der du eventuelt vel å avgrense oppgåvene.

Oppgåve 1

a) Kortsvar:

Førestill deg at du vil gjere ei vitskapleg undersøking av haldningar til bruk av postalveolar frikativ, /ʃ/, i ord som dei fleste norske språkbrukarar tidlegare har uttala med palatal frikativ, /ç/, i ord som *kylling* og *kjole*. Gjer greie for korleis dette kan undersøkjast med både kvalitativ og kvantitativ metode, og peik på fordelar og avgrensingar metodane har i dette tilfellet.

b) Kortsvar:

Gjer kort greie for fonologiske trekk ved dansk som kan gjere språket vanskeleg å forstå for nordmenn.

c) Langsvar:

Samanlikn og drøft perspektiva til P. A. Munch, Knud Knudsen og Ivar Aasen ut frå samtida og personleg bakgrunn til dei ulike aktørane, og reflekter så over korleis eit liknande språkprosjekt ville kunne ha sett ut i moderne tid, 200 år seinare, med dei utfordringane og moglegheitene som finst i dag.

Oppgåve 2

a) Kortsvar:

Beskriv kort utviklinga av vokalsystemet frå urnordisk til gammalnorsk og moderne norsk, der du nemner mekanismar som har ført til denne utviklinga, og der du også nemner på kva måte det moderne norske vokalsystemet skil seg frå majoriteten av andre språk i verda, og kva for utfordringar dette kan innebære for nokon med norsk som andrespråk.

b) Kortsvar:

Gjer kort greie for fonologiske trekk ved dansk som kan gjere språket vanskeleg å forstå for nordmenn.

c) Langsvar:

Drøft korleis det å leve i Noreg og ha norsk som andrespråk kan påverke språkleg identitet og språkleg åtferd.

Oppgåve 3

a) Kortsvar:

Beskriv kort utviklinga av vokalsystemet frå urnordisk til gammalnorsk og moderne norsk, der du nemner mekanismar som har ført til denne utviklinga, og der du også nemner på kva måte det moderne norske vokalsystemet skil seg frå majoriteten av andre språk i verda, og kva for utfordringar dette kan innebere for nokon med norsk som andrespråk.

b) Kortsvar:

Førestill deg at du vil gjere ei vitenskapleg undersøking av haldningar til bruk av postalveolar frikativ, /ʃ/, i ord som dei fleste norske språkbrukarar tidlegare har uttala med palatal frikativ, /ç/, i ord som *kylling* og *kjole*. Gjer greie for korleis dette kan undersøkjast med både kvalitativ og kvantitativ metode, og peik på fordelar og avgrensingar metodane har i dette tilfellet.

c) Langsvar:

Samanlikn morfologiske trekk i idiolekta di med morfologiske trekk i éin eller fleire andre varietetar av norsk. Kommenter utbreiinga til minst eitt av desse morfologiske trekka, og drøft kvifor det er, eller ikkje er, i endring.